

# VEDTEKTER FOR VESTSIDA KULTURBARNEHAGE

Vestsida Kulturbarnehage eiges av Anette Brubak. Barnehagen ligg i Rådyrvegen 17, i Sorperoa på Vinstra.

## FORMÅL/VERDIAR

Målet i kulturbarnehagen er at barnehagen skal vera ein *kulturarena*. Der tek vi vare på borns fantasi, leik, kreativitet og (skaper)glede. Kunst, kultur og kreativitet er hovudtema i barnehagen. Vi legg stor vekt på nærmiljøet. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barnehagen skal i nær forståing og samarbeid med heimen, sikre borna gode vilkår for utvikling og kreativitet. Borna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverd. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

## SAMARBEIDSUTVAL

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval der foreldre/føresette, eigar og tilsette er likt representert.

## OM BARNEHAGEPLASSEN

Alle nye søkjarar, dei borna som skal byte barnehage, og dei som står på venteliste, må kvart år levere ny søknad til hovudopptaket. Opptak er enkeltvedtak, og kan klages på etter Forvaltningslova §28.

Opptaksnemda gje hovudopptak av born til dei kommunale og private barnehagane. Opptaksnemda blir oppnemd av utvalg for helse, -oppvekst, - og kultursaker og er samansatt slik:

- Styraren for den enkelte barnehagen.
- Eit medlem frå helse, - oppvekst, og kultursaker.
- Representant fra informasjons – saksbehandlingsstab – Nord-Fron kommune.

Det blir tildelt plass for 3, 4 eller 5 dagar.

Borna skal ha ferie i minst 5 veker i løpet av barnehageåret. Av desse skal tre vera samanhengande og tas ut i perioden mai-august. Planleggingsdagar, fem i året, kan reknas som den femte ferieveka. og dagar barnehagen er stengt i samband med jul og påske kan reknast som ferie.

## ALDER

0 – 6 år.

## SJUKDOM

Ved sjukdom refunderes ikkje foreldrebetaling eller kostpengar. Ved sjukdom må bornet haldes heime av hensyn til dykk sjølv og de andre barna.

## SPRÅK

Nynorsk er – og har vore - opplæringsmålet i Nord-Fron sidan 1939.

Det skal, i stor utstrekning, nyttast nynorske songar og litteratur i barnehagen.

## OPPTAK

Alle barn har rett til barnehageplass i den kommunen de er bosett i jfr. Barnehageloven §12 a,1.ledd.

- Born med nedsatt funksjonsevne. Krav om dokumentasjon. (Barnehageloven §13).
- Born som har vedtak etter Lov om Barneverntjenester. (Barnehageloven §13).
- Born som har behov for plass grunnet medisinske årsaker til barnet selv eller familien. Krav om dokumentasjon.
- Sysken skal prioriterast til plass i same barnehage.
- Ved opptak til barnehagane skal det gjerast ei totalvurdering av barnet sin situasjon, og av miljøet i barnehagen. Det må gjerast ei heilskapleg vurdering av gruppesamansetnad, slik at det ikkje blir for mange barn med spesielle behov i den enkelte gruppe.
- Det er mogleg å stå på venteliste til 1. prioritet etter opptak. Dette gjeld også overgang til andre barnehagar.
- Opptak utenom hovedopptak er delegert til styrar/eigar.

Barn frå andre kommuner har mulighet til å søke om plass i barnehagen.

## BETALING

Kommunestyret fastsett satsane for foreldrebetalinga. Eventuelle endringar vil til vanleg gjelde frå

1. januar kvart år.

Betalinga skjer på etterskott for kvar månad. I tillegg til betalingsattsane blir det krevd kostpengar som skal dekke dei reelle matutgiftene.

Det skal betalast for elleve månader i året – juli er betalingsfri.

Feriefråvær ut over 5 veker gir ikkje fritak for betaling.

Betalingsfrist er den 30. i kvar månad.

Ved henting av bornet *etter stengetid*, ( kl. 16.30 ) må ein betale kr. 300,-. Dette kjem i tillegg på den månadlege fakturaen.

*Ved manglande betaling i tre (3) månader kan man miste retten til barnehageplassen.*

<b>Antal dagar</b>	<b>Opphald</b>	<b>Gradering av foreldrebetalinga</b>	<b>Kostpengar</b>
5 dg	Kr. 2910	100 % av makspris	Kr. 369
4 dg	Kr. 2619	90 % av makspris	Kr. 333
3 dg	Kr. 2037	70 % av makspris	Kr. 261
Kjøp av enkeltdagar	Kr. 248 pr dag		Kr. 21
Søskenmoderasjon barn nr. 2	30 %		
Søskenmoderasjon barn nr. 3 og vidare	50 %		

(Oppdatert jan.2018)

### **OPPSEIING AV Plass**

Oppseiing av barnehageplass er ein, 1, månad, rekna frå den 1. i den påfølgande månaden. Oppseiinga skal vera *skriftleg* og leverast i barnehagen. Alle opphald som avsluttes etter 1.mai, (oppseiing 1.april), regnast som utvida ferie og må betalast ut barnehageåret.

### **PERMISJON**

Føresette kan søke permisjon frå barnehageplassen. Fritak frå betaling blir vurdert etter søknad. Permisjon for å utsette oppstart gir ikkje betalingsfri. Søknad om permisjon må sendast skriftleg til styrar ein månad før aktuell permisjonsperiode. Styrar avgjer om permisjonen blir innvilga.

### **ÅPNINGSTIDER**

Barnehageåret startar 15 august. Barnehagen er ope kl. 07.00 – 16.30 dagleg, frå måndag til fredag.

Utanom heilagdagar, er barnehagen stengd:

5 kurs og – planleggingsdagar i året,

F.o.m. 24. des. t.o.m. 1. jan. og f.o.m. måndag etter palmesøndag t.o.m 2. påskedag.

samt veke 29, 30 og 31.

### **LEIKE – OPPHALDSAREAL**

Ved fastsetting av arealutnyttinga i barnehagen byggjar vi på dei rettleiande normane som departementet har gitt for leike- og opphaldsareala innadørs og utadørs.

Rettleiande norm for inneareal er 4m<sup>2</sup> netto per born over tre år, og omtrent 1/3 meir pr born under tre år. Rettleiande norm for uteareal er omtrent 6 gonger leke – og opphaldsarealet inne.

### **PERSONALET**

For dei ansatte i barnehagen gjeld reglar om taushetsplikt i Forvaltningslova §13. Dei ansatte må forplikte seg til å arbeide i samsvar med barnehagen sine vedtekter og gjeldane instruksar.

Endringar kan gjerast av styrar.